



Til sokneråd og kyrkjelege fellesråd

Registrering av skattefrie gaver og kyrkjelege handlingar 2015 – fristar ved slutten av året

Informasjon om fristar for registrering har vore lagd ut på sida for innlogging til Dei kyrkjelege registra <https://register.kirken.no>, men Kyrkjerådet finn dette så viktig at informasjonen også vert send ut i form av rundskriv.

Skattefrie gaver 2015

Fristen for å registrere skattefrie gaver til Den norske kyrkja i 2015 er sett til **12. januar 2016**. Denne fristen er **absolutt**, då Kyrkjerådet berre har eit kort tidsrom tilgjenge etter fristen til å rapportere gåvene vidare til Skatteetaten. Alle må registrere skattefrie gaver i den nye modulen «Skattefrie gaver» i Dei kyrkjelege registra. Ingen sokn skal sjølv innrapportere gaver direkte til Skatteetaten. Dei sokna som har avtale med firmaa Solidus eller Profundo om innrapportering av gaver, må vere i dialog med desse og skal ikkje registrere gåvene i Dei kyrkjelege registra <https://register.kirken.no>. Det må på førehand verte innhenta stadfesting frå kvar einskild givar om at dei ønskjer skattefritak.

Det vert gitt skattefritak ved gaver til ideelle organisasjonar for inntil kr. 20 000 samla. Givarar kan vere privatpersonar eller organisasjonar/firma. Førstnemnde må verte registrerte på fødselsnummer medan sistnemnde må verte registrerte på organisasjonsnummer. Gåver gitt i løpet av året kan ein registrere som einskildgaver på dagen for bokføring, eller som ei summert gåve registrert på 31. desember 2015. Dersom ein givar er død i løpet av året, kan ein likevel registrere gåva på vedkommande. Skattefrådraget vil då gå inn i buet til den avdøde. Alle givarar bør få ei kvittering på at gåva er motteken og rapportert vidare til Skatteetaten. Denne kvitteringa kan ein hente i Dei kyrkjelege registra <https://register.kirken.no> og må vere sendt givarane seinast innan 20. januar 2016.

Vi viser elles til «kvikkguide» for registrering av skattefrie gaver. Denne rettleiinga ligg saman med andre viktige dokument under fana «Hjelp til bruk», samt under «Info om skattefrie gaver» i modulen «Skattefrie gaver» i Dei kyrkjelege registra <https://register.kirken.no>.


Registrering i eKirkebok

Ved byrjinga av eit nytt år vert det teke eit uttrekk av medlemslista per 1. januar. Medlemslista vert brukt til statistikk for Den norske kyrkja, men den vert òg send over til Brønnøysundregistra for «vasking» mot lister frå andre trdomssamfunn. Det er særskilt viktig at medlemslista som vert send er ajourført, slik at dobbeltmedlemskap vert

unngått. Vi understrekar difor at det er sær s viktig å registrere handlingar som påverkar status for medlemskap. Så langt det er mogleg må då dåp, innmelding og utmelding for 2015 vere **registrerte før nyttår**. Det er mogleg å etterregistrere nokre dagar over nyttår dersom det er heilt naudsynt, men 12. januar 2016 er absolutt siste frist.

Frå og med rapporteringsåret 2016 vil ikkje lenger årsstatistikk om dåpshandlingar, innmeldingar og utmeldingar verte henta gjennom årsrapporteringa frå sokna, men direkte frå Dei kyrkjelege registra <https://register.kirken.no>. Det er difor viktig at rutinane for registrering av desse handlingane er gode allereie frå byrjinga av året.

Oslo, 14. desember 2015


Jens-Petter Johnsen
direktør


Ole Inge Bekkelund
avdelingsdirektør